

FAKTAARK

Fredingsgjennomgangen i Møre og Romsdal

Riksantikvaren starta i 2006 det landsdekkjande prosjektet Fredingsgjennomgangen. Før prosjektet blir sluttført i 2012, skal kvart fylke ha gått gjennom alle fredingsvedtak frå perioden 1923-1979 og ha presisert omfanget av, formålet med og innhaldet i fredingane.

Fredingsgjennomgangen i Møre og Romsdal omfattar om lag 60 bygningar fordelte på om lag 40 anlegg. Totalt omfattar prosjektet på landsbasis om lag 1900 bygningar fordelte på om lag 920 anlegg.

EIT KONTRASTFYLT LANDSKAP

Møre og Romsdal fylke strekkjer seg frå kysten i vest med små øyer og skjær til innlandet, der fjordarmene skjer djupt inn i fjellmassivet og møter dalane som leier opp mot fjellovergane i aust. I Møre og Romsdal møtest vestlandsk og trøndersk tradisjon. Kulturskillet går tvers gjennom fylket og gir seg utslag i både ulike byggeskikk, matkultur og dialekt. Skiljet følgjer den tidlegare grensa mellom Nidaros og Bjørgvin bispedømme. Eit anna særtrekk ved fylket er at grensene for dei gamle fogderia, Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre, framleis er merkbare. Ein årsak kan vere kulturskilnadene som naturleg skil dei frå kvarandre.

BYGGJESKIKKEN PÅ LANDSBYGDA

Byggjeskikken i fylket er prega av stor variasjon. Årsaka til variasjonen er dels dei klimatiske forskjellane, dels ulike tilgang på materialar, men òg i stor grad ulike tradisjonar og kontaktar ut over fylkesgrensene. Sunnmøre fekk sine impulsar frå Vestlandet og Bergen, medan Nordmøre og Romsdal vert påverka frå Trøndelag og Trondheim. Gudbrandsdalen har òg prega byggjeskikken, særleg øvst i Romsdalen.



Vakkert dekmåla vindaugslemmar på røykonnstova frå Torvik i Surnadal kommune, no på Åsen bydemuseum.



Løset i Stordal kommune er eit dome på ei arkstove, ein bygningstype som er sær eigen for indre Sunnmøre.

Våningshus

Dei tydelegaste skilnadene ser ein i våningshusa på gardane. Fram til 1800-talet var røykonnstova rådande som stovebygning over heile fylket, men då ein fekk skorsteinspipe i husa, utvikla våningshuset seg forskjellig i dei ulike distrikta.

På Nordmøre utvikla hustypen seg i nært slektskap med trønderlåna. Her var ein tidleg ute med å ta i bruk pipe og å bygge i to fulle høgder. Den gamle røykonnstova vart beholden som kjerne i første høgda. Etter behov vart huset bygt ut i lengderetning, etter kvart til store lån.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og er fagleg rådgjevar for Miljøverndepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har og ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført og har i denne samanheng eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget har med kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

I Romsdal var våningshusa oftast mindre i storleik enn på Nordmøre. I Romsdal bygde ein òg ut i lengderetning over to høgder, men andre høgda kunne vere betydeleg lågare enn i Nordmørshusa, og huset kortare. Midtgangsplanen med inngang midt på huset og eitt rom på kvar side, stod sterkt i Romsdal. I større hus, ofte på gardar for embetsmenn, fekk huset to rom i breidda i staden for eitt.

På Sunnmøre ser ein ei ganske anna utvikling for våningshuset. Her var røykomnstova brukt lenger, og stova vart utvida ved å byggje saman fleire stovebygningar i rekkje, til eit langt hus i ei høgde. I området rundt Storfjorden på Sunnmøre utvikla det seg kring 1800 ein særeigen bygningstype som har fått tilnamnet «sunnmørsk arkstove». Namnet kjem av den vesle arken ein bygde over inngangsdøra på langfasaden. Røykomnstova på Sunnmøre vart òg ofte utvida til eit hus med tradisjonell midtgangsplan. Den eldste delen vart kalla «stova» og den yngste delen, på andre sida av midtgangen, «nystova». På loftet fikk romma liknande namn; «stoveloftet» og «nystoveloftet».

Sengebu/nystove

Bygningstypen «sengebu» eller «nystove» var vanleg i dei indre stroka av Sunnmøre. Dette var eit hus med gjestesenger og nokre gonger òg sommarsenger for gardsfolket. I tillegg til overnatting, vart bua nytta til lagring av klede. Sengebua var eit stasus i tunet og var mest vanleg på Vestlandet på 16- og 1700-talet.

Bur

Buret var tradisjonelt eit hus som fanst på alle gardar. Det hadde ein kjerne av tømmer i ein eller to høgder. I Møre og Romsdal viser også denne bygningstypen variasjon i byggjeskikk mellom dei ulike distrikta.

På Nordmøre var inngangsdelen i stavverk, medan resten av buret var lafta. I Romsdal hadde ein òg gjerne stavverk i fordøra i andre høgda og eventuelt i tillegg ein sval på den eine sida, medan ein på Sunnmøre hadde sval på tre av sidene.

Uthus

Tradisjonelt var det mange uthus på gardstuna, eitt for kvar funksjon på garden. Ut på 1800-talet vart det meir vanleg å samle fleire funksjonar under eitt og same tak.

I Møre og Romsdal har det vore vanleg å nytte grind- eller stavkonstruksjon i uthusbygningar som høyløer, sommarfjøs, sjøhus og naust, medan laft var meir vanleg i bygningar for menneskje eller dyr. Romsdalsfjorden markerte i hovudtrekk grensa mellom bruk av grindverk og andre typar stavkonstruksjonar.

BYGGJESKIKKEN I BYANE

Kulturskilnadene i dei tre fogderia kan dels forklarast gjennom historia og utviklinga til byene Ålesund, Molde og Kristiansund sin historie og utvikling. Den lange kystlina gjorde tidleg handel og skipsfart til ein naturleg næringsveg for innbyggjarane i Møre og Romsdal. Dei tre kystbyane Ålesund, Molde og Kristiansund har alle bakgrunn som eksporthamn, men det vart Ålesund og Kristiansund som verkeleg gjorde seg gjeldande som store handelsbyar i fylket. Molde hadde ikkje like gode føresetnader for handel sjøvegen; Byen sin styrke vart funksjonen som administrativt senter og amts hovudstad. Som embetsmannsby utvikla det seg ein anna type kultur i romsdalsbyen.

I Kristiansund førte handelsmennene opp store våningshus med tilhøyrande sjøhus, uthus og hagar i hamneområdet. Sjøhusa (på Nordmøre kalla «bryggene») låg gjerne side om side, med våningshusa bak. Eller våningshuset låg trekt litt attende frå sjøen, med hovudfasaden synleg frå hamna, omgitt av eit sjøhus på kvar side. Anlegga syner kva status handelsmennene hadde, og korleis dei tok med seg impulsar frå utlandet. I Molde låg dei små trehusa på rekkje og rad langs hovudgata, som følgde strandlina i ei lett kurve. Dessverre vart begge byane sterkt øydelagde av brann som følgje av bombinga under krigen, og berre få av dei gamle trehusa er bevarte. Ålesund var òg prega av små trehus, men etter brannen i 1904 vart det innført murtvang for norske byar, og byen vart gjenreist med murbygningar i jugendstil.

KVA VART FREDA OG KVIFOR

Dei aller fyrste fredingane i Møre og Romsdal er frå 1923 og 1924. Dei vart innrapporterte til og gjennomgått av Den antikvariske bygningsnemnd, før dei vart vedtekne av Kyrkje- og Undervisningsdepartementet. Dei såkalla «innberetningene» finst trykte i 1929-årboka til Fortidsminneforeininga

Dei fleste fredingsvedtaka fram til 1978 vart gjort i løpet av dei to fyrste åra. Det var i all hovudsak bygningar knytte til embetsmannsgardar og gardsbruk på landsbygda i dei indre stroka av fylket som vart freda. Unntaket er mellom anna handelsgardane i Kristiansund, der så mange som ni vart freda i 1924. I 1927 vart det lagt til fire bygningar i Volda kommune og i 1941 vart det både lagt til nye og fjerna tidlegare fredingar i ein revisjon av fredingslista. Etter krigen vart det ikkje gjort fredingsvedtak i fylket før i 1978. Ser ein på den geografiske spreinga, er det ei god fordeling mellom dei tre distrikta

Då Lov um bygningsfreding trådte i kraft i 1921 vart Den antikvariske bygningsnemnd oppnemnd av departementet. Det var lovfesta at nemnda skulle bestå av fem menn, der riksantikvaren var ein. Av dei andre medlemene skulle ein vere arkitekt, ein jurist og ein bygningskyndig. Nemnda besto inntil bygningsfredingslova vart erstatta av kulturminnelova i 1978.

Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre, men det er generelt færre freda bygningar langs kysten enn i innlandet.

Våningshus og embetsmannsgardar
Blant dei tidlegaste fredingane var det ei stor overvekt av større våningshus frå seint 1700-tal og tidleg 1800-tal i empirestil og den noko eldre barokk- og rokokkostilen. Eit døme på våningshus frå ein embetsmannsgard er *Berg Nøisomhet* i Molde kommune, i klassisistisk stil som syner påverknaden frå kontinental byggjeskikk. Det vart òg freda eit våningshus på ein sjefsgard, *Kvande* i Surnadal kommune. Sjefsgardar var embetsmannsgardar for kompanisjefane i Hæren ute i distrikta. Eit døme på nordmørslåna er hovudbygningen på *Halsa gard* i Halså kommune, der den gamle røykomnstova vart beholden som kjerne i første høgda. Stovebygningen frå *Eriks garden* på Daugstad i Vestnes, no flytt til Romsdalsmuseet, er eit godt bevart døme på eit typisk midtgangshus frå det tidlege 1800-talet i Romsdal.

I all hovudsak vart våningshusa over heile fylket bygde i lafta tømmer, men i Romsdalen finn vi òg nokre hus bygde i stein. Desse steinhusa vart oppførde av ein lokal byggmeister ved namn «Ole Kabben», Ole Amundsen Flatmark, tidleg på 1800-talet. Det best bevarte dømet er *Ner-Hole sør* i Romsdalen.



Sengebu frå Habbostad i Stranda kommune, no på Sunnmøre museum.



Hovudbygningen på Stordalsholmen i Stordal kommune vart òg nytta som vertshus for dei båtfarande.



Uthus med kombinert fjøs og stallfunksjon på Rognskog Bortistua i Halså kommune. Bygningen er eitt av få freda uthus i fylket.



Hovudbygningen på Ner-Hole i Rauma kommune er bygd av naturstein, eit uvanleg materiale i distriktet.



Hovudbygning og karstove på Gjernes, eit døme på midtgangshuset og bustad på ein embetsmannsgard kring 1800 på Nordmøre.

Sengebu og røykstove

Røykstovene og sengebuene er blant dei eldste, freda bygningane. Døme er mellom anna sengebuene *Bukkebuda* på Hundnes og *Målanystova* på Frøysadal, begge frå 1600-talet. Sengebua på Frøysadal vart òg nytta som kyrkje-, og råd- og tingstove. Røykstova på *Hauge*, er oppført tidleg på 1700-talet og har ein alderdommeleg laftekonstruksjon.

Bur og uthus

Blant dei tidlegaste fredingane var òg bur og uthus frå seint 1700-tal og tidleg 1800-tal. På *Vidnes* vart buret freda som eit døme på eit tradisjonelt bur med høg alder og alderdommeleg byggjeteknikk med «innbu» og sval på tre sider. Vi finn òg ein handelsstad utanfor by på fredingslista, *Ristetunet* i Volda. Her vart hovudbygningen freda i 1927, medan bur, bårstove og sjøbod vart freda i 1978.

Byggjeskikken i byane

Mange kulturminne i Møre og Romsdal gjekk tapt under kamphandlingane i april dagane 1940, mellom anna heile seks av dei ni freda handelsgardane i Kristiansund. To handelsgardar sto att, Christie- og Brodtkorbgården og Lossiusgården. Portalen på Brodtkorpgården er eit døme på inspirasjon frå barokk- og rokokkoarkitektur på kontinentet i 1780-åra.

ERFARINGANE FRÅ FREDINGSGJENNOMGANGEN

I arbeidet med fredingsgjennomgangen har Møre og Romsdal fylkeskommune vore på synfaringar og gjort registreringar av dei freda husa. Den oppdaterte registreringa og den gode dialogen med eigarane vil vere eit godt grunnlag for det vidare samarbeidet om dei freda anlegga mellom eigaren, fylkeskommunen og Riksantikvaren.



Brodtkorbgården i Kristiansund er ei verdifull kjelde til kunnskap om framveksten til byen på 1700- og 1800-talet.



Garvarbua på Ristetunet i Volda kommune vart freda i 1978 som del av ein handelsstad.



Veøy gamle prestegård frå midten av 1700-talet i Molde kommune, med prestebustad i delen mot nord og herrestove for folket mot sør.